Kollegiet ga Arbeidsutvalet i mandat å fatte vedtak seinare same dag. Studentane fann ut kor møtet skulle haldast, og møtte opp. Rektor heva møtet, og forsamlinga gjekk inn på kontoret til rektor og låste døra. Den blei opna med makt av demonstrantane, og møtet vart med det brote av under handsaminga av lova.

Ein ny førebels siger vart vunnen.

Dei som tok del i denne aksjonen, lærte at det nyttar ikkje med overtyding og høflege frasar, at for å undertrykke studentane skyr ikkje universitetsleiinga noke middel.

Eit førebels høgdepunkt i kampen mot disiplinærlova skjedde i Trondheim. Der skulle rektorane for alle universiteta

høgskular ta opp lova i juni. Studentane gjekk til protest og stilte seg opp framføre møte-lokalet og krevde å få leggje fram deira syn på disiplinærreglementet. Men dette er openbart så mot studentane sine interesser at det ikkje tåler dagslys, så rektor Inge Johansen på NTH tilkalla politiet for å få jehansført rektormøtet. Rektor Johansen leda sjølv aksjonen mot studentane frå ein politibil. Rektorane gjekk altså ikkje av vegen for å bruke borgarskapet sitt valdsapparat mot studentar som krevde å få deira syn høyrd.

Med politiet si hjelp klarte rektorane å hiale møtet sitt. Men framlegget om disiplinærreglementet og interne domstolar skal attende til vidare diskusjon til dei einskilde lærestedene - motstanden mot lova er for stor.

Alle demokratiske innstilte studentar må protestere mot gjennomføringa av interne domstolar og disiplinærreglementet. Vi må kjempe mot idear som sei det er rett å gå imot lova, men vi kan ikkje støtte militante aksjonar som viser kva studentane meiner om åttaka på dei demokratiske rettane, og som avslører universitetsleiinga for mange studentar.

Dette sei lovframlegget:

Forslag til lov om ordensforføyninger:

Sitat: Pgf. 1 «Denne lov gjelder for studerende ved universitetet i Bergen, Oslo, Tromsø og Trondheim, Norges handelshøyskole, Norges Landbruksskole og Norges Veterinærhøyskole...»

Sitat pgf. 2: «Ordensforføyningen kan settes i verk mot studerende som:

a) fusker, forsøker å fuske eller medvirker hertil eller ved eksamen eller ved kurs som svarer til eksamen eller medvirker hertil

c) vedvarende eller grovt overtrer de ordensregler som gjelder for lærestedet, skader eller uberettiget borttar gjenstander på lærestedet eller i studieforholdet på annen måte opptre utillatelig overfor medstudierende eller andre som har sin virksomhet der».

Pgf. 3 «Som ordensforføyning kan brukes a) irettesettelse, b) sperring for inntil 2 års adgang til bestemte lokaler, undervisning eller eksamener, c) bortvisning for inntil 2 år»

Pgf. 5 «Vedtatt om å sette i verk ordensforføyninger gjøres av lærestedets sentrale klagenemnd eller om klagenemnd ikke er oppnevnt, av et lokalt ordenstilsyn ved lærestedet...»

EKSAMEN

Når einskilde studentar vert drive til fusk på grunn av eit å råte eksamenssystem som fører med seg nervepress og samanbrudd, skal dei i følge lovframlegget utvisast frå universiteta og høgskulane med inntil to år. Er dette rettferdig? Er det ikkje meir naudsynt å rette søkjelyset på kvifor einskilde fuskar til eksamen?

Eksamen er og har vore eit av dei beste kontrollorgan for borgarskapet til å sjekke at studentane tilegnar seg den borgarleg ideologien. Vi må sitte år ut og år inn å lese faglitteratur og stoff som er langt på sia av verkelege livet. Vi les for harde livet og under hardt nervepress for å få gode karakterer for å få oss å gode etter studiet. Greier vi ikkje å oppfylle krava til borgarskapet med å stå til eksamen, er med lånekasta med å nekte oss lån. Dette er litt av den

karakteren eksamenssystemet har i dag. Eit døme som illustrerer dette godt har her frå Tromsø.

Vidare sei lovframlegget at dersom vi «overtrer de ordensregler» som gjelder for lærarstaden eller «opptre utilbørlig» skal vi kunne verte bortviste frå universitetet i inntil to år. Dette er ein freistnad på å kneble og å stenge ute studentar som ikkje vil følge universitetsleiinga og borgarskapet si line og snakke dei etter munnen.

Njål Hole, eit av framleggkomiteen sine representantar sei: «Organet skal bidra til å sikre at vedkommende lærested fungerer etter gjeldende bestemmelser. Det må derfor ikke være mulig for en gruppe å lamme lærestedets funksjoner ved å lamme dette organ».

Denne lova er eit godt reiskap for staten til å slå ned all politisk opposisjon og gjere den kriminell. Alle aksjonar for høgare stipend, mot auking av renta, mot angrepa på dei demokratiske rettane, streikane for fleire lærebøker på nynorsk - alt dette er brotsverk som dei nye domstolane kan gje to års bortvising for.

Det er ikkje lenger nok for borgarskapet på universitetet å nytte seg av det borgarlege rettsapparatet. Dei interne domstolane er for dei eit lettare middel til politisk undertrykking enn å gå vegen om dei rettslege domstolane.

Vi har i den siste tida mange døme på at borgarskapet freister å innskrenke dei demokratiske rettane på universiteta, arbeidsplassane, i fagforeningar og i interesseorganisasjonane. Jfr. suspensjon av Steinar Nilsen frå budsjettutvalet i samskipnaden.

Borgarskapet på universiteta kvier seg ikkje for å setje politil inn mot studentar og arbeidarar, folk som går til streik for betre arbeidstilhøve og folk som demonstrerer for rettferdige krav. Streiken på Brygga er eit godt døme på korleis politiet vert brukt mot oss. Hammersborg er nok eit døme på det same.

Dei rettferdige aksjonane våre skal ikkje møtast med ein eigen «terrorlov» frå universitetet si leiing. Difor må vi kjempe mot framlegget til ny disiplinærlov og avvise den heilt.

SV si rolle i denne saka:

NSU-leiinga har teke eit klårt standpunkt i denne saka. Dei har gått imot aksjonane mot lova, både i ei pressemelding frå 1. juni og i Studentforum. Samstundes sei dei at dei er imot lova. I praksis vil det sei at vi skal godta at universitetsleiinga innfører eit disiplinærreglement utan at vi protesterer. USV-leiarane tar ikkje avstand frå at rektor sparkar studentar og at politi settjast inn mot aksjonane, men at nokre (iflg. USV - berre AKP'arar syner motstand i det heile teke.

PF (Progressiv Front) meiner at heile disiplinærreglementet lyt avvist. USV går inn for å avvise delar - einskilde paragrafar av reglementet lyt vi ha, til dømes eksamensreglementet. Dei går ikkje i mot at studentar som fuskar til eksamen skal straffast. For det første er det ei dødsline å gå inn på ein diskusjon om kva for delar av reglementet som er bra, og for det andre er det ikkje å ta avstand frå straffemetodar for å hindre eksamensfusk.

SV'aren Arent Henriksen, gjekk inn for interne domstolar og disiplinærreglementet på lærarskolane då saka vart handsama på stortinget.

I eit skriv frå NSU (Fellesuttalelse mot «innstilling om lov og ordensforføyninger») krev NSU at studentane skal vere med i ein komité for bearbeiding av lovframlegget. Dersom NSU-leiinga meiner at dei etter denne evt. bearbeidinga ville gå inn for eit mildare disiplinærreglement, meiner vi denne line er gal. Det er ei line for å parlamentarere seg fram til einskilde formidlingar og ikkje avvise heile lova.

Saman med Aftapet, skriker SV opp om desse fæle demonstrantane som bryt seg inn på rektor sitt kontor, osv. Det er den same line som kjende SV'er er køyrar ut når det gjeld støtte til streikar, jfr. Linjegods. Dei sei at dei støtter krava, men dei går imot aksjonane som vert reiste for å få krava i gjennom. Dette er ei line vi må ta avstand frå, den lovar berre knefall, ikkje kamp.

MERK DEG VÅRE KANTINETILBUD!

	åpningstid
Teoribygget: kaldmat, middag	1000 - 1615
Nordlysobservatoriet: kaldmat, middag	1100 - 1500
Odd Berg: kaldmat	0900 - 1500
Idar Brenn: kaldmat, middag	1000 - 1615
Gjennomgangsbygget: kaldmat, middag	1000 - 1600

Vellaget, god middag i prisklassen kr 8,50 - kr 11,25 (ca halve prisen i forhold til byens andre tilbud).

Vi tar oss av alle typer arrangement, stort eller lite. Vi lager også mat for utbringning.



Nærmere opplysninger om kantinenes service-tilbud fåes over telefon 8 10 12.

STUDENTSAMSKIPNADEN

I TROMSØ

11. september - 4 år sidan fascistkuppet

FOLKET KAN ALDRI FÅ MAKTA VED VALG

For 4 år sida var Chile det store dømet for revisjonistar og sosialdemokratar på at ein fredeleg veg til sosialismen var mogleg. Ei veke seinare hadde kuppet funne stad! Den fascistiske militærjuntaen tok makta ved eit brutalt militærkupp, støtta av innanlandsk borgerskap og USA-imperialismen.

MOTSTANDEN VEKS

Idag veks motstanden fram på ny blant folket i Chile. Eit farefullt og krevjande arbeid med å byggje organisasjonane opp att er igang. Dei ulike motstandskomiteane er eit uttrykk for folkets motstand, gjennom dei ymse streikene og aksjonane dei iverksett.

Kampar for dagskrav i boligstrøk, mot auke av skattar og avgifter, faglege kampar og spreiring av illegal propaganda samlar og styrkar kampen mot fascistjuntaen og USA-imperialismen.

Denne kampen treng våres støtte.
- Så vis solidaritet med folket i Chile - støtt motstandskomiteane økonomisk.
- Støtt kampen det chilenske folket fører mot USA-imperialismen og for full nasjonal uavhengigheit.

FASCISMEN I CHILE FØR KUPPET

I tida før kuppet rusta reaksjonen opp, medan folket blei avværna ved razziar i heimane. Raksjonen hadde fri adgang til presse og kringkasting. Registrering av aktive gjekk føre seg i stort omfang. Konsekvensane kjenn vi: kupp, fengsling, tortur, myrding, 2000 personar sporløyst vekk.

KVA LÆRAR VI?

Dei kriminelle førebuingane skjedde under skinn av «demokrati». Vi lærar at sånn kriminell virksomheit må forbys.

Før 1940 fekk nazistane nokså fritt leide i Noreg - «dei var jo så få og ubetydelege». Etter krigen var det ikkje ein som våga stå fram å forsvare nazistane sine kriminelle handlingar som ein demokratisk rett.

- Vi krev:

Forby «Norsk Front», fascistjuntaens mest åpenlyse støtte i Noreg.

STØTT DET CHILENSKE FOLKET SIN KAMP MOT FASCISMEN.

Chile-aktivist.

4 ÅR ETTER KUPPET I CHILE: Solidaritetsdemonstrasjone over hele landet i helga



HVORDAN KAN VI STØTTE CHILES FOLK?

«Bare chilenske kvinner og menn kan frigjøre landet vårt, og vi regner med en lang og hard kamp. Den hjelpen dere kan gi oss er å styrke den internasjonale solidariteten som gir oss økonomisk og moralsk støtte. Jeg vil nevne en kampanje som drives av Solidaritetskomiteen for Chile i Norge. Den har tatt initiativ til å sende økonomisk støtte til familiene til 53 fengslete marine-soldater.

I Chile oppfattes dette som en riktig og praktisk måte å støtte oss på», sa Sandra fra Chile 8. mars i fjor.

«Det er også mange andre viktige oppgaver i solidaritetsarbeidet», sier hun videre, og nevner blant annet kravet om frigiving av alle politiske fanger i Chile.

Internasjonal solidaritet er en av de faktorene som svekker fiendens moral og styrker besluttsomheten i folket. Jo klarere solidariteten kommer til uttrykk, dess sterkere blir denne faktoren. Samtidig styrker solidariteten vår egen kamp mot imperialismen og reaksjon.

Idag er kravet om å utvise junta-Olsen og kravet om at Norge må bryte alle handels- og kredittforbindelser med Chile svært viktige.

SYNG UT DISSE KRAVA

Å sitte i all hemmelighet og mene at junta-Olsen skal utvises, hjelper ikke det chilenske folket stort.

Tvert om er dette ei farlig linje. I Norge fins ei retning som legger lokk på de solidariteriske følelsene for Chiles folk sin kamp, som bringer solidaritet og støtte til taushet.

Heilt sida kuppet for 4 år siden har det vært stor solidaritet og støtte i Norge til Chiles kamp. Det er et mål for reaksjonen å passivisere denne støtta.

Hvem går i bresjen for dette i Norge? Blant annet ledende personer i DNA og SV.

Chileaksjonen, som mange av dem er medlemmer av, har satt opp i sitt program de to viktige krava om å utvise junta-Olsen og å bryte handels- og kredittforbindelsene med Chile. I følge Chileaksjonen sjøl har de over 80 av stortingsrepresentantene som medlemmer, dvs. godt over halyparten.

Men: Ingen av de 80, heller ingen av de 16 SV-representantene har reist disse kravene på Stortinget. I Nordlys 12.9. nevner Chileaksjonen arbeid for økonomisk og diplomatisk boikott blant de viktigste solidaritetsoppgavene.

Vi ser hvem som står for denne farlige og reaksjonære retninga, som sier at de støtter, men som i virkeligheten passiviserer motstanden.

VALGKAMP ELLER SOLIDARITET?

I mobiliseringa til markeringa av 11. september i år hørte vi ikke et pip fra Chile-aksjonen.

Solidaritetskomiteen for Chile ønska ei brei og enhetlig markering av solidariteten med Chiles folk.

I Tromsø sendte Solidaritetskomiteen for Chile følgende brev til aksjonen. De gadd ikke svare engang!

Solidaritetskomiteen for Chile i Tromsø
Postboks 1093
9001 TROMSØ

Chileaksjonen i Tromsø

31.8.1977

11. september er det fire år siden fascistkuppet i Chile, og som vi vet lever det chilenske folket fortsatt uten de mest elementære demokratiske rettigheter og under vanskelige materielle forhold. Likevel vokser motstanden mot juntaen. Både politiske partier og andre organisasjoner øker i antall og styrke, og aksjoner, streiker og demonstrasjoner finner sted.

Denne kampen trenger bred internasjonal støtte, både politisk og økonomisk. Solidaritetskomiteen for Chile i Tromsø vil ta initiativ til markeringer i forbindelse med 11. september og ville være glad for et fellesarrangement ved hele markeringen eller deler av den. Vi imøteser en diskusjon om dette.

Med hilsen

For AU

SOLIDARITETEN ER STOR

Hverken på lærerskolen eller universitetet så vi fra Chileaksjonens side antydning til å ville utvikle solidaritetsarbeidet i anledning 11. septembeer.

Men Solidaritetskomiteen for Chile samla mange tusen til solidaritetsdemonstrasjonen på 35 forskjellige steder i landet.

I Tromsø demonstrerte 240 for Chiles folk.

(Folk som så på, sa etterpå at de «gremma seg» fordi de ikke hadde deltatt).

Mange studenter skreiv seg på støttelistene og gav penger til kampen som føres i Chile.

Vi som stod på stand i byen opplevde at folk stod i kø for å støtte avisopproppet og for å gi penger til innsamlingskampanja.

Chile-aktivister.



* OVERGANGER *

KVA ER DET «NY TID»

juridiske motiv. Problemet tor venstresida nå er difor å oppnå tilstrekkelig politisk styrke til å møte denne offensiven. Her er det naudsynt å alliere seg med liberale borgarlege demokratar og venstresosialdemokratar. Ein slik allianse er mogleg nettopp fordi innskrenkinga av pressefridom o.s., sjølvsagt råkar fleire enn bare sosialistar. Derfor kan desse mobiliserast på eit reint borgarlegdemokratisk grunnlag, og slike taktiske alliansar er i dag naudsynte. Men vi vil hevde at ein kamp for verkeleg demokrati i siste ende må ha sosialistiske perspektiv, og at innskrenkinga av dei demokratiske rettane er knytt til opprethaldinga av den kapitalistiske produksjonsmåte. I siste ende vil borgarskapet forsvare sitt klasseherredøme med militærmakt.

«Listesaka», «Majorsaka» og «Loran C-saka» har og gitt oss nyttige påminningar om sosialdemokratiet. Vi må rekne med som sikkert at politiet har handla etter initiativ frå regjeringa, og at høgresosialdemokratane med Rolf Hansen i brodden har nytta høvet til eit massivt åtak på SV. «Venstrefløyen» i partiet har stort sett tagt (eit unntak er Aslak Versto i «Ny Tid» nr. 41). Men som vi har sagt er desse hendingane eit varsku for alle progressive, og det er dei også meint å vere. Med skjerpning av den økonomiske krisa, realløn-

teten uansett hvor den kommer i fra, men vi aksepterer ikke at noen solidaritetsorganisasjoner forsøker å presse oss til å endre vår holdning».

nedslag, direkte statleg inntekts-politikk osv. blir det vanskelegare å «forsone» dei samfunnsmessige motseiingane innanfor ein sosialdemokratisk borgfred. Hardare disiplineringstiltak, t.d. politimakt blir difor stadig oftare nytta. I takt med sterkere autoritære tendensar i statsapparatet, blir kravet om lojalitet og ansvarskjensle tilsvarende sterke. I desse sakene har teieplikta vore nytta på denne måten: På eit nokså vilkårlig grunnlag nyttar regjering denne til å disiplinere folkevalde representantar og andre som veit «for mykje». Folk som sit inne med kompromiterande opplysingar om manipulasjonar og ulovleg verksemd bak kulissene skal vite kva dei risikerer ved å rykkje ut.

Overvakinga av progressive på politisk grunnlag inneber undergraving og dermed innsnevring av retten til politisk organisering. Beslag av kjeldemateriale og dermed førehandssensur inneber innsnevring av ytringsfridomen. Klassestaten tek hardare og meir openlyse disiplineringstiltak i bruk. Kombinasjonen av politisk overvaking, tilsidesetting av demokratiske rettar og ei applauderende presse er ein kombinasjon som vi m.a. kjenner godt frå Vest-Tyskland. Å ta kampen aktivt opp mot dette er den einaste måten å forhindre ei «vest-tysk utvikling» på.

KAMP MOT POLITISK OVERVAKING
FULL STØNAD TIL ARBEIDET MED Å AVSLØRE DENNE VERKSEMMA
OMGJER DOMMEN MOT TROND JENSEN
SET FRI IVAR JOHANSEN
KJELDEMATERIALET MÅ GJEVAST ATTENDE TIL «NY TID»

USV/Tromsø

Hva må gjøres med nynazismen?

I studentavisa nr. 3 -77, skriver Jørn Fossmo og Lars Nilsen i et innlegg at Norsk Front slett ikke bør forbys, men forøvrig mener de to at det er viktig å bekjempe Norsk Front. De to avslutter innlegget sitt slik:

«Vi må gjøre jorda de vokser i så sur at det verken blir moralsk eller politisk anstendig å sumpatisere med Norsk Front».

Men å gjøre nazistenes «jordsmonn» surt betyr ikke for Nilsen/Fossmo at en bør kreve enhver nazistisk/fascistisk organisasjon forbudt. Hva mener Norsk Front sjøl om sp.m.:

«Betydningen om partiets registrering kan vanskelig overvurderes. Ikke bare er registrering en enorm seier over den liberalist-marxistiske hets og terror, men registreringen vil straks gi bevegelsen en form for «legalitet» og «etablering» som mange skeptikere og etternølere muligens har savnet hos NUF». (Erik Blycher)

Enhver kan se det logisk korrekte i denne nazistens argumentasjon. Ved å gå inn for at Norsk Front skal kunne bli et lovlig norsk parti, (Erik Blycher i partiledersdebatten) så går ikke Nilsen/

Fossmo bare inn for den reinte juridiske legaliteten, men de går i sin konsekvens inn for å gi nazipakket nettopp den form for «legalitet» og «etablering» (i folks øyne) som Blycher nevner at NF så sår trenger.

Norge er et borgerlig diktatur fordi borgerskapet har den politiske og økonomiske makta. Norge er ikke noe demokrati, fordi flertallet som ikke eier noe annet enn sin egen arbeidskraft, ikke har makta i landet. Men dette flertallet er innvilga en del demokratiske rettigheter av det herskende borgerskapet, ikke fordi det norske borgerskapet er spesielt demokratisk f.eks. i forhold til det chilenske borgerskapet, men fordi borgerskapet historisk sett kan bruke to herskertechnikker: piske (fascistisk styreform) og gulerota (borgerlig demokrati) og der det er mulig foretrekker borgerskapet den sistnevnte formen på diktaturet sitt. Men borgerskapet har et ytterst pragmatisk forhold til sine proklamerte demokratiske rettigheter og ti sine egne lover. Det står i de norske lovene at opposisjonelle meninger ikke skal overvåkes, likevel er dette hovedbeskjeftegel-

Svar til Nilsen/ Fossmo

sen til over 1000 sivile og militære etterretningssoldater. Det står i de norske lovene at alle har rett til arbeid uansett politisk oppfatning. Likevel står borgere åpent fram og nekter progressive arbeidere arbeid osv.. Fascismen er ikke noe annet enn en bevegelse til redning av borgerskapet når det virkelig får problemer med å herske slik som i mellomkrigstidas Europa. I slike krisesituasjoner for borgerskapet setter det alle demokratiske tilbøyeligheter til side og oppretter et terroristisk diktatur. Dette diktaturet forberedes i Norge i dag gjennom opprustningen av politiet, og etterretningssvesnets likvideringsslister. Poli og militæret trener i å slå ned streiker, uro i befolkningen (Vintex, Firm Sand osv).

Men i motsetning til de framskredne borgerne som virkelig ser på lovene som redskap for seg sjøl, så tror Nilsen/Fossmo virkelig på «demokratiet» med stor D. Derfor blir kravet om forbud av NF for dem et vanskelig moralsk problem:

«Å forby Norsk Front er å sette de demokratiske rettighetene til siden i «demokratiets navn. Dette er noe annet enn å forsvare de demokratiske rettene, et inngreå i organisasjonsretten».

Nilsen/Fossmo spør overhodet ikke hva som tjener proletariatets interesser. Hva har historia vist oss annet enn at uten å hensynsløst bekjempe fascismen i fødselen så vil de demokratiske rettighetene for arbeiderklassen bli utradert. A forsvare yringsfrihet for fascismen er det samme som å legalisere kampen for å frata arbeiderklassen de samme rettighetene. Hvilken klasse vil Nilsen/Fossmo tjene?

Nilsen/Fossmo har et rørende naivt syn på borgerskapets forhold til yringsfriheten: Hør bare:

Yringsfriheten er altså ikke bare en borgerlig demokratisk rettighet, men en demokratisk rettighet som er med på å gjøre forandring av samfunnet mulig. Det stikk motsatte er korrekt. Ingen herskende klasse i historia og aller minst borgerskapet har latt seg ekspropriere som herskende klasse ved hjelp av stemmeretten/yringsfriheten. Snarere er det mangelen på yringsfrihet som har tvunget enhver undertrykt

klasse til å styrte herskerne med revolusjonær vold. Dette synet på borgerskapet som voktere av yringsfriheten kommer hos de to også til uttrykk i at de ser borgerskapets forberedelser til å forby AKP som en følge av antifascistenes kamp for forbud av NF, og ikke som en allmen følge av skjerpning av klassekampen. Hvis Nilsen/Fossmo virkelig tror at et legalt og «akseptert» NF slik som «Nasjonal Front» i England og MSI i Italia, er noe bidrag til kampen mot kriminalisering av AKP, så er dette i beste fall naivt. Legalisering av NF vil styrke NF og et sterkt NF er den beste garantien for systematisk terror mot alle progressive og for forbud av AKP.

Lær av Tromsø: Gang på gang angriper provokatører demonstrasjoner med jernstenger og kniver. Politiet ser på. Så etter 17 mai uttaler politimester Hals at nå går det ikke lenger. Politiet diskuterer nå **allmet demonstrasjonsforbud**. Vil det tjene venstresida at kreftene bak terroren får legalisere partiet sitt?

Hans Evju

STYRINGSTRUKTUR- DEBATTEN OG ALLMØTENE

Reglementet for styringsorganene ved universitetet i Tromsø gjelder fram til høsten 1978. I dette og neste semester skal studenter og ansatte diskutere de erfaringene vi har gjort med styringsorganene til nå.

Et utvalg nedsatt av styret har i den anledning avgitt ei innstilling som oppsummerer erfaringene og legger fram forslag til omorganiseringer. I innstillinga står det mye om fordeler og ulemper ved store vs. små ting, om sammensetninga av valgkretser etc. Men det står ingenting om valgordninger. Er studenter og ansatte fornøyd med den urnevalgordninga som blei pressa på oss i 1973?

ALLMØTENE LEVER

Kan vi i det hele tatt diskutere styringsorganer uten å stille spørsmålet: Har grunnplanet kontakt med og kontroll over representantene i disse organene? For å begynne en sårn diskusjon vil jeg trekke fram følgende som utvalget har «glemt».

Urnevalgsordninga som nå gjelder for valg til universitetstinget ble tvunget igjennom av interimstyret og departementet mot universitetsflertallets vilje. I ei uravstemming hadde et stort flertall klart gitt uttrykk for at de ønska at følgende prinsipp skulle legges til grunn for å bestemme valgordningene.

«Hver gruppe (Studenter, vit. ansatte, ikke vit.ansatte) bestemmer selv sin valgordning i fora de definerer som sine egne». Mot dette bestemte altså ledelsen på diktatorisk vis at valgordninga for alle gruppene skulle være urnevalg, og brøt klart med det et flertall mente var et grunnleggende demokratisk prinsipp.

Hvor fornøyd er vi så med urnevalgordninga og hvordan fungerer den idag? Ser vi å resultatene fra urnevalget til universitetstinget i vår viser det at flertallet aldri aksepterte diktaturet. Antall avgitte stemmer i forhold til antall stemmeberettigede viser:

	Studenter		Ikke-vit.		Vit.ansatte	
	1	2	1	2	1	2
Fagområdet medisin	1	2	1	2	1	2
	280	54	85	20	83	10
IBG	} - 400	33	32	17	27	} - 18
IMR		23	34	14	45	
IFF					21	
ISL	280	17	6		29	10
ISV	360	41	12		40	13

1 = antall stemmeberettigede (Det reelle tall studenter ligger sannsynligvis 20% lavere enn det som er oppgitt.)
2 = antall avgitte stemmer.

Tallene slår beina under argumentet om at urnevalg er mer representativt enn allmøtevalg. Hvorfor er oppslutninga om urnevalget så liten? En grunn er at valget foregår på allmøter eller uformelt. I alle kretsene var det bare stilt ei liste, og det ble ikke drevet noen valgkamp. I realiteten er valgene avgjort før urnevalget. På medisin, ISV og Gjennomgangsbygget valgte stu-

dentene representantene på allmøtet. Disse blir så framstilt på ei liste til urnevalget og 10 stemmer i urna bekrefter formelt det som allerede har skjedd på instituttallmøtet. Slik fungerer det såvidt meg bekjent også blant stipendiatene og ansatte i større eller mindre grad.

Vel og bra vil kanskje noen si. Grunnplanet har fått allmøtevalg og ledelsen urnevalg og alle er fornøyd? Svakheten ved dette uformelle systemet er sjølsagt at den dagen ei lita gruppe går utenom allmøtene og setter opp ei

konkurrerende liste til urnevalget, så er allmøtene satt ut av spill som reelle valgfora og kontrollorgan for representantene. Da er det urnevalget som gjelder ifølge reglementet. For denne del av debatten vil jeg stille følgende paroler:

- Hver gruppe bestemmer selv sin valgordning i fora de definerer som sine egne.
Student - ansatt - må sjøl bestemme på hvilken måte de vil velge sine representanter til universitetstinget.
- Bort med urnevalget.
- Fram for allmøtevalg og tilbakekallingsrett. **Roar Haga.**

KVA ER DET «NY TID-SAKA» GJELD?

Avsløringene i «Ny Tid» og andre organ den siste tida har mellom anna avdekt dette:

- Norsk etterretningsteneste har drive Nato- og USA-spionasje mot Sovjet. Det ville vere naivt å tru at dette ikkje også er tilfelle i dag. I skrivende stund fortel ein tidlegare CIA-agent til SV og Dagbladet om samarbeid mellom CIA og norsk etterretningsteneste.

- Denne verksemda er godkjent av dei politiske styresmaktene.

- Tryggingstenesta og overvåkingspolitiet (SIPO) driv systematisk overvaking, infiltrasjon og kartlegging av politisk aktivitet på venstre-fløyen.

- Opplysningssom blir samla inn om einskildpersonar sine politiske standpunkt, og handlingar er gitt vidare til næringslivet med det resultat at folk ikkje får arbeid (Hydro-saka). Slike opplysningar har arbeidskjøparar og fått frå tilsette ved NTH i Trondheim på førespurnad om studentanes politiske haldningar.

Dette stadfester til fulle det venstresida alltid har hevda om Norges rolle i eit aggressivt imperialistisk militærapparat, og om dei hemmelege tenestenes politiske kartleggingsoppgåver. Men sjølv om desse sakene avslører den borgarlege klassekarakteren til statsapparatet, så er t.d. overvaking på politisk grunnlag ulovleg sjølv med den borgarlege rettstaten sine mål. Politiaksjonane mot «Ny Tid» har og dels hatt klare ulovlege sider, og dels synt ei fortolkning av lovverket som er meir enn tvilsamt ut frå vanleg borgarleg rettsmedvit. Her må vi særskilt nemne:

- Beslaget av «Ny Tid»'s grunnlagsmateriale som er førehandssensur og i strid med lova om yringsfrihet.

- Måten Trond Jensen blei arrestert på.

- Forhøyret av Ingolf Håkon Teigene.

- Bruken av «Landssviklova», ei lov som blei til under særskilde historiske vilkår og som gjev

politiet utvida fullmakter (likevel ikkje så utvida at det formelt kan legitimere politiet sin handlemåte i denne saka). Desse historiske vilkåra er ikkje til stades i dag.

- Politiets framgangsmåte ved avhøyra der dei m.a. har nekta advokathjelp, på ulovleg vis forespegla varetaktsfengsling utan sikting o.l.

- Framgangsmåten ved husgranskingar og razzia'er utan rettsløyve på førehand.

- Påtalemakts medvitne brot på politiet til eindel presseorgan (særskilt VG) med detaljerte opplysningar frå etterforskning og avhøyra. Opplysningane er vald ut slik at dei skal sette dei arresterte og andre impliserte i eit så dærlig ljøs som mogeleg. (T.d. den insinuerande omtala av Trond Jensens kontakt med aust-europeiske ambassade folk. Riksadvokaten har seinare vore tvungen til å trekke denne spionasjeskyldinga attende. Det er interessant å merke seg at

avisa «Klassekampen» også ha nytta slike politilekkasjer til hets-oppdrag mot «Ny Tid», sjå KK 23. aug.)

Desse sidene ved politi-aksjonane er grundig gjennomgått - og kritisert - i ein artikkel i «Dagbladet» 19. aug. av cand.jur. Knut Brofoss. Denne kritikken står enno fullstendig uimotsagt frå påtalemakta. Ein liknande artikkel av cand.jur. Arild Kjerschow sto i «Aftenposten» 27. aug. Både Brofoss og Kjerschow arbeider i Justisdepartementet, og det er rimelig å rekne med at deira uttalelser er representative for embetsmennene i departementet. Denne kritikken og often for innsnevring av demokratiet strekkjer seg inn i liberale borgarlege grupper.

Men ellers har storparten av pressa vore tale-rør for politiet og statsmakta - sjølv når det m.a. er pressefridomen det står om! Fordømingane av «Ny Tid» og SV har vore unisone frå DNA til Høgre. Dette syner på ein

framifrå måte korleis borgarskapet har eit pragmatisk, og ikkje prinsipiell forhold til sine egne borgarleg-demokratiske rettar. Når venstresida og arbeidar-klassa trugar den borgarlege orden må borgarleg-demokratiske rettar vike til fordel for politimakt. Dette syner at demokrati heile tida er ei kamp-oppgåve for arbeidar-klassa: det må stadig tilkjempast og forsvart. I denne kampen blir det abstrakt å appellere til «rettsstaten» og demokratiet som garanti for at slike «overtramp» ikkje skal kunne skje. Det er arbeidar-klassas styrke, og ikkje juridiske argument eller tilvisingar til Grunnlova som avgjer grensene for den borgarlege undertrykkinga. Når prof. Andersen meiner at sosialistar må finne seg i politisk overvaking, og advokatstanden stør påtalemakta når denne ikje eingong kan forsvare seg formaljuridisk, så har dette politiske, og ikkje

fortsettelse side 7

I følge USV sitt interne medlemsblad «Moldvarpen»:

«ANGREP ER DET BESTE FORSVAR»

- DIFOR GJEKK DEI TIL ANGREP PÅ PROGRESSIV FRONT I SUSPENSJONSSAKA

I eit nummer av «Moldvarpen» frå vårsemesteret -77 oppsummerer USV at dei ønska å kome ned i frå «tribunestadiet» og ut av sin «politiske frustrasjon», og så kaste seg inn på arenaen der studentkampen går føre seg.

Det var no likevel ikkje lett etter så mange semestre som passive tilskodarar til dei same kampene, noko internavisa syner. USV erkjende at dei var naudt til å gå politiske motstandarar i møte, vidare å ta stilling til politiske hendingar på universitetet.

Sidan mange studentar hadde vorte oppteke av suspensjons-

saka, var dette ei av dei sakene USV var naudt å kaste seg ut i. Men to månader med tribune-passivitet var ikkje det mest offensive utgangspunkt, og trongen til å forsvare si eiga «unfallhet» i denne saka var stor. USV sette difor si tillit til at «angrep er det beste forsvar». (se faksimile).

I staden for å ta stilling til sjølve innhaldet i saka, kørte dei ut eit valdsamt åttak på PF som hadde vore drivkrafta til då. USV hadde ikkje løfta ein finger for å protestere mot suspensjonen før jul. Med å gå til åttak, kunne dei leie oppmerksamheten bort frå

sin mangel på initiativ. USV valde å «ta mannen i staden for ballen», for å bruke eit uttrykk frå 6. div. fotball.

Det vi her har teke for oss gjeld USV i ei konkret sak, men vi kan tydeleg sjå dei same linene i SV. I fleire saker veljer dei å gå til usakleg angrep i staden for å diskutere realitetane i dei enkelte sakene, til dømes 8. mars, 1. mai osv.

Det er difor ikkje noko einestående døme vi her har dokumentert, men eit talande eit på SV sin opportunistiske politikk. Dette er også eit døme på at USV setter sine snevre parti-interessar

Vårsemesteret -77 inntok USV igjen den universitetspolitiske arena, etter at vi nokre semestre med politisk frustrasjon hadde valgt å sitja på tribunane. Når me no omgjorde dette valet var det ut frå ei erkjening av at AKP-grupperingane og lokale studentpolitiske hendingar, var nokon og noko vi måtte møte, dersom vi skulle kunne fungere politisk saman med studentane. På tribunen vart vi einast tilskodar, - ikkje deltakar.

Progressiv Front (P.F.) si store sak i siste del av haustsemesteret var «suspensjons-saka». (Suspensjonen av Steinar Nilsen i Samskipnadens budsjettutvalg). Denne var framleis saka vi måtte forholde oss til på den «universitets-politiske arena». Saka fekk ein ekstra dimensjon i og med utkjøret frå Universitets-styret og

STudentsamskipnads-styret mot den gjeldande studentorganiserings, som dei meinte var udemokratisk og ikkje-representativ. Dette saman med USV sin sidelineposisjon under suspensjonen før jul, var det saklege utgangspunkt for oss då vi starta opp.

Me valgte å starte offensivt og grundig utfrå ei slags «Angrep er det beste forsvar»-analyse. Det blei laga eit omfangsrikt og godt notat på suspensjonssaka med ein politisk kritikk av P.F. og SU si handsaming av saka.

Men samstundes kritiserte me skarpt og eintydig Univ.- og Samskipnads-styret for deira adferd. Og til sist la vi fram konkrete forslag til korleis studentane skulle førebu seg på dei angrepa som var signalisert overfor studentorganiserings.

føre studentane sine interessar. Dei spurte ikkje seg sjøl, - korleis forsvara dei demokratiske rettane våre, men - korleis få USV ut av frustrasjonen.

Internskrivet syner at dei slett ikkje var interessert i å ta avstand frå suspensjonen av Steinar

Nilsen, men i å markere USV best mogleg. Nok ein gong syner det seg at «forståelse for krava» berre er gammaldags sosialdemokratisk demagogi, når ein samstundes tar avstand frå aksjonar for å få krava gjennom.

HVA SKJER I NORSK STUDENTUNION?

Referat fra NSUs landsstyremøte 26/8-77

Fra delegatgruppa i Tromsø møtte Else Bottengård og Peter Arbo, mens studentutvalget ikke hadde sendt noen representant. Landsstyremøtet ble i hovedsak viet **arbeidsplanen for høstsemesteret**. Her ble det fattet vedtak som fulgte opp og konkretiserte det arbeidsprogrammet som ble vedtatt på NSUs landsting før sommerferien.

Universitets- og høyskolesaker

Den viktigste arbeidsoppgaven for NSU vil bli kampen mot de nye forslagene til **studiestruktur** endringer. Det foreligger på dette området innstillinger fra to komiteer: Gradskomiteen og Cand.mag.-komiteen. I tillegg er det en rekke endringsforslag på trappene ved de enkelte lærestedene som må sees i sammenheng med disse to innstillingene. **Gradskomiteen** foreslår nye grader for det matematisk-naturvitenskapelige fagområdet. Realfagstudiet skal deles i tre: En cand.mag.-utdanning (3 1/2 år), en cand. scient.-utdanning (5 år) og en dr. scient.-utdanning (7 år). Denne omorganiseringa er tenkt gjennomført innenfor dagens bevilgningsrammer og med samme antall stillinger. De reglement- og studieplansendringer som det legges opp til vil innebære en faglig og politisk tilstramning:

(1) Det vil bli flere obligatoriske kurs og kurs-kombinasjoner, og studietida vil bli strengere normert. Arbeidsbyrdene og ensrettinga vil øke. Et fleksibelt kurssystem med adgangsreguleringer vil lettere kunne sikre den arbeidskraft som næringslivet trenger.

(2) Vi vil få en klarere to-delning mellom lærer- og forskerutdanning alt tidlig i studiet.

(3) Det faglige nivået på den ordinære hovedfagsutdanninga, cand. scient., vil bli senket. Hovedoppgavene vil bli strengere tildelt og av mer overflatisk karakter. På biologi vil spesielt mulighetene for feltarbeid innskrenkes.

(4) Finansieringa av doktorgradsstudentene skal for en stor del baseres på eksterne stipend. (Oppdragsforskning).

(5) Doktorgradsstudentene skal ha undervisningsplikt som stip./vit.ass.. Dette vil føre til at studietida må forlenges vesentlig utover de antatte 7 år.

(6) Studieretningsblokker på 10 vekttall skal inngå som tilleggsfag for samfunnsvitere og filologer. Dermed bidrar disse reformene til å presse fram mindre kursenheter og vekttall også på disse fagområdene.

Gradskomiteens innstilling har nå vært til behandling i de parlamentariske organene på de fleste lærestedene, og skal deretter godkjennes av departementet. Men den konkrete gjennomføringa av planen på de enkelte fagene er allerede begynt.

Cand.mag.-komiteens innstilling er et innstrammings- og rasjoneringsframstøt overfor de historisk-filosofiske fag:

(1) Cand.mag.-gradens lengde skal nedkortes med et halvt år.

(2) Graden skal bygge på ett mellomfag og to grunnfag, istedenfor som nå: To mellomfag og ett grunnfag.

(3) Innstillinga åpner også for en tofagsordning (to utvidete mellomfag) og en oppdeling av fagene i små kurs organisert gjennom en vekttallsordning.

(4) Innstillinga truer den nåværende forberedende-ordninga ved bl.a. å foreslå en «ren pedagogisk variant» som alternativ.

Denne innstillinga har en høringsfrist til over nyttår.

Ellers blir det i høst oppnevnt en komite som skal jobbe med de samme problemstillingene som disse to komiteene for det samfunnsvitenskapelige fagområdet.

I tillegg til kampen mot disse kontroll- og disiplineringframstøtene **gjennom fagene**, vil NSU fortsatt kjempe mot det nye **forlaget til disiplinærreglement**. Dette skal ut på ny høring i høst. Her må vi søke å danne breiest mulige allianser med lærere og ansatte. (Se egen artikkel om dette.)

Studentsosiale saker

